Arkivkode: 223
Saksnr.: 2026/3421-2
Sakshands.: Jan Myrekrok
Dato: 23.09.2026

VINJE

Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Søknad om flyttetilskot - Kakeringen

Vedlegg

1 Søknad om etableringstilskot til reetablering av
2 budsjett
3 08. NA-2507- SKISSEFORSLAG1

Dokument i saka

Bakgrunn

Eigarkommunane i Kvito fekk i april i år tilsendt ei tilråding frå styret om korleis kommunane skal innrette drifta av selskapet for framtida.

Hovudutfordringane blir skissert slik:

- Dagens drift er ikkje økonomisk berekraftig, med forventa underskot for 2025 og utfordringar for 2026
- Her er det viktig å taka ansvar som styre, og iverksette tiltak for å redusere meirforbruk til balanse
- Reduksjon i plassar frå kommunane og strengare krav frå NAV påverkar inntektene
- Overkapasitet i bemanning grunna organisering og brukarbehov
- Transport og geografisk spreiing gjer drifta mindre effektiv

Før kommunestyra behandlar ny eigarstrategi for selskapet, er det ønskjeleg for dei fire eigar-kommunane at Vinje kommune avklarar framtida for avdelinga Kakeringen. Ein kjem altså tilbake med ei eiga sak om felles eigarstrategi for Kvito.

Bakeriet held framleis til i gamle Bratlandsbygget. Skal kommunen kome vidare med sine utbyggingsplanar, så må resten av bygget tømmast. Utstyret må anten inn i tilpassa lokalar hjå Kvito, eller seljast. Kommunedirektøren har difor bede om ei oppstilling frå Kvito på flytting av produksjonen, slik at kommunestyret kan gjere ei samla vurdering av støtte til investeringsbehov og ei forplikting til årlege overføringar av driftstilskot. Eit førebels anslag frå Kvito syner eit tilskotsbehov, eingongs, på minst 4,8 mill. kr. for reetablere bakeri og matlaging i

Dalsvegen 28. Tabellen lenger ned i saka visar vidare at dagens drift av Kakeringen har ein underdekning på vel 1. mill. kr.

Vurdering

Det hastar med å gjere endringar i drifta av Kvito slik at den kjem i økonomisk balanse. Det er tilbodet i Treungen og Kakeringen i Åmot som bidreg til ubalansen.

Kvito har ein konsernstruktur, der avdelingane blir belasta for felleskostnader. Prognose for dei ulike avdelingsrekneskapa i Kvito Utvikling og Arbeid:

	Nissedal	Kviteseid	Jobbklar	Vinje Tokke	Kakeringen	Sum
Forventet årsresultat	-1 020 239	420 435	672 600	338 847	-1 014 877	-603 234

Aktiviteten i Nissedal har blitt stansa og ein brukar overført til Åmli. Bygget i Treungen ligg for sal. For Vinje kommune sitt vedkomande må ein konkludere rundt Kakeringen som arena for kvalifisering. Søknaden fortel om Kakeringen som ein verdifull arena for kvalifisering og meistring over tid.

Søknaden frå Kvito avklarar at det ikkje er ambisjonar om å ta opp att kafé-drifta, men dei ser føre seg å kunne vere ein leverandør til ein tilsvarande møteplass som Kakeringen-kaféen var i Åmot, dersom andre får på plass eit nytt tilbod.

Kvito vil truleg vere avhengig av eit særskilt tilskot frå kommunen om Kakeringen skal halde fram slik det framgår av søknaden. I utgangspunktet er det NAV som har hovudansvaret for arbeidsretta tiltak, arbeidsførebuing og oppfølging mot arbeid for personar som står utanfor arbeidslivet. Dette følgjer av arbeids- og velferdsforvaltninga sitt samfunnsoppdrag. Kommunen har på si side eit breitt ansvar for inkludering, folkehelse og førebygging av utanforskap, som ofte er tett knytt til arbeid og utdanning. Dagleg leiar opplyser om at det er to tilsette som jobbar som tilretteleggjarar på Kakeringen i dag. Ei samlokalisering på Dalsvegen 28 vil frigje eitt årsverk. Eit sjusifra meirforbruk i dagens situasjon indikerer at kommunen må vere budd på å bidra med tilskot eller kjøp av plassar også etter flytting. Dette

Etter ei samla vurdering med vekt på kva som er økonomisk haldbart over tid, og effekten av Kakeringen som arena for kvalifisering, vil kommunedirektøren tilrå å avslå søknaden.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune avslår søknaden om flyttetilskot, og ber Kvito avslutte drifta av Kakeringen-avdelinga og flytte ut av gamle Bratlandsbygget seinast 31.12.2026.